



Frå innsamlinga i Uskedalen for to år sidan (Arkivfoto).

Måndag 9. mars kjem THK – trailaren til Kvinnherad. På vårparten er det tradisjon med innsamling til Ukraina i bygdene her. Traileren har stopp i Rosendal, Uskedalen og Husnes. I over eit år har vi samla inn sekker og utstyr på lageret i Uskedalen. Dette er eit tilbod for folk som ryddar, eller har ting dei vil gje til Ukraina, og som vil ha det ut av huset.

Takk til Uskedal Trelastlager og seinare Kvinnherad Vekstbedrift, for lån av lokalet. Alt som er på lageret, ca 300 sekker, vert lasta på trailaren 9. mars. Bilen vert fullasta i Haugesund, om vi ikkje greier å fylla den her (plass til 1200 sekker).

Tysdag 17. mars går turen til austeuroopa, med 2 sjåførar frå Kvinnherad. Destinasjon er denne gong byen Zhytomyr, fylkeshovudstad i Zhytomyr Oblast.



Trailaren som vert brukt til hjelpesendingane har lagt bak seg 2,250.000 km på vegen.

Ukraina grensar til Russland i aust, Kviterussland i nord, Polen, Slovakia og Ungarn i vest, Romania, Moldova i sørvest, og til Svartehavet og Azovhavet i sør. Kiev er hovudstad og største by. Ukraina er det største landet i Europa etter Russland. Over 40 mill. innbygarar. (Wikipedia). Det er eit fantastisk land og ukrainarane er hyggelege og gjestfrie. Landet har store naturresursar og mange har det dei treng. Nokon har rikeleg. Men det er og mange som verkeleg er fattige og det er dei vi prøver å hjelpa.

THK – stiftelsen har i år 25 års jubileum. Med 20 hjelpesendingar i året, tyder det 500 trailerlass a 90 kubikk. Trailaren har køyrt 2.250.000 km. av frivillige sjåførar som har brukt 96 000 timar på dette. Fleire videregående skular har samla inn mykje pengar til prosjekt for born og ungdom. Over 60 brukte ambulansar og fleire brannbilar er køyrt til landet. Dette er kjekt å vera med på, for ein får sjå gleda hos mottakarane, og ein ser at hjelpa kjem fram!

Sjå notis seinare om nøyaktig tid for THK trailaren sin stopp i Uskedalen.

For THK – stiftelsen
Tormod Myklebust

Tekst: Tormod Myklebust
Foto/nett: Kristian Bringedal/ THK - stiftelsen